

Handsaming i Helse- og oppvekstutval :

Bjørn Flatøy la fram følgjande fellesframlegg frå Sande Vest og Høgre til nytt pkt. 3:

Felles framlegg til eit nytt punkt 3., som tillegg til rådmannen si tilråding.

(Punkt 3 i tilrådinga vert då punkt 4.)

3. Kommunestyret ber om at det i tillegg vert gjort slike utgreiingar/vurderingar med omsyn til organiseringa av Sande-skulen:

- a) Utgreiing for å avklare om utvida bruk av IKT teknologi i Sande-skulen kan gi betre ressursutnytting. Målsettinga må vere å arbeide fram konkrete tekniske løysingar og kompetanse, som kan nyttast i den faste ordinære planlegginga av ressursbruken i skuleåret. Prosjektet bør samkøyrast og dekke alle skulane i Sande Kommune.

Når slik undersøking er gjennomført, skal det vurderast om resultatet m.a. kan gi grunnlag for bruk av begge lokalitetane på Kvamsøya og Sandsøya.

Det vert vist til rundskriv 3-2013 frå Utdanningsdirektoratet om Forsøk etter opplæringslova § 1-4.

Det bør søkjast om utviklingsmidlar til utgreiinga.

- b) Sjå på moglegheit og innsparingspotensiale ved flytting av mellomtrinna, 5.-7. , ev. 6.-7., frå Larsnes til Gursken.

Utgreiingane/vurderingane må framleggast til politisk behandling tidnok til ev. å kunne fastsetje organisatoriske endringar/justeringar frå skulestart 2019.

RØYSTING:

Fellesframlegget frå Bjørn Flatøy fekk 3 røyster og vart tilrådd (H, TvP).

Rådmannen si tilråding fekk 2 røyster.

TILRÅDING:

1. Sande kommune vedtek å endre skulestrukturen i Sande i samsvar med modell B i framlegget frå omstillingsgruppa.
Dette inneber at det vert
Ein felles 1.-10. skule i Gursken for Gursken og Gjerdsvika, inkl. 8.-10. for Larsnes.
Ein felles 1.-10. skule for Sandsøy og Kvamsøy plassert på Kvamsøy. Larsnes 1.-7. skule.
Dette inneber at Gjerdsvika og Sandsøy skular vert lagde ned.
2. Endringa gjeld frå skulestart hausten 2019.
3. Kommunestyret ber om at det i tillegg vert gjort slike utgreiingar/vurderingar med omsyn til organiseringa av Sande-skulen:

- a) Utgreiing for å avklare om utvida bruk av IKT teknologi i Sande-skulen kan gi betre ressursutnytting. Målsettinga må vere å arbeide fram konkrete tekniske løysingar og kompetanse, som kan nyttast i den faste ordinære planlegginga av ressursbruken i skuleåret. Prosjektet bør samkøyrast og dekke alle skulane i Sande Kommune.

Når slik undersøking er gjennomført, skal det vurderast om resultatet m.a. kan gi grunnlag for bruk av begge lokalitetane på Kvamsøya og Sandsøya.

Det vert vist til rundskriv 3-2013 frå Utdanningsdirektoratet om Forsøk etter opplæringslova § 1-4.

Det bør søkjast om utviklingsmidlar til utgreiinga.

- b) Sjå på moglegheit og innsparingspotensiale ved flytting av mellomtrinna, 5.-7. , ev. 6.-7., frå Larsnes til Gursken.

Utgreiingane/vurderingane må framleggast til politisk behandling tidsnok til ev. å kunne fastsetje organisatoriske endringar/justeringar frå skulestart 2019.

4. Det vert utarbeidd ei Forskrift for skulestruktur i Sande i samsvar med dette. Forskrifta skal gje eintydige opplysningar om nærskular og kringsgrenser i Sande kommune gjeldande frå 01.08.2019.